



Hordaland fylkeskommune

Skrivet vert berre sendt som e-post.

Vår referanse:
13/475/16/10038/ASK/TR

Arkivkode:
FA-Q80

Dykkar referanse:
2014/1465

Dato:
30.12.2016

TILSKOT TIL MINDRE FYSISKE TRAFIKKSIKRINGSTILTAK I KOMMUANE - SØKNAD OM TILSKOT (FTU)

Samnanger kommune søker med dette om tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunen. Det vert vist til vedlagde søknad.

Samnanger kommune har trafikksikringsplanen under arbeid. Arbeidet vert gjort parallelt med kommuneplanen. Den er forventa lagt ut til høyring i mars og med vedtak i juni 2017.

Tiltak knytt opp til skulevegar vert prioriterte i trafikksikringsplanen. Me ser at det bør gjerast fleire tiltak i området ved barneskulen for å gjera skulevegen tryggare. Her er nokre gangvegar/stiar, men dei har manglar ved seg som gjer at borna diverre vel andre og mindre trygge vegar. Med det omsøkte tiltaket meiner me at denne trygge kryssinga av Fv 7 vil verta meir attraktiv, og dermed meir brukt.

Trafikksikringsplanen er som nemnd ikkje ferdigstilt. Men det omsøkte tiltaket er omtala i Statens vegvesen sin risikovurdering av skuleveg i Samnanger kommune. Vedlagt finn de utdrag frå denne – side 16 som omtalar den konkrete gangvegen. Det omsøkte tiltaket er eit første skritt på vegen for å gjera gangvegen meir attraktiv. Me er klar over at det også trengst andre tiltak ikkje minst for å få gangvegen universelt utforma. Heile rapporten kan de lesa på kommune si heimeside.

<https://www.samnanger.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MIId=98&FilId=1788>

Me voner søknaden vert imøtekomen. Spørsmål kan rettast til Nina Fredriksen Nina.Fredriksen@samnanger.kommune.no, tlf 56587400.

Med helsing

Tone Ramsli
rådmann

Vedlegg:
Søknadsskjema
diverse bilder gangveg
risikovurdering skuleveg

